

Bakgrunnen for riksmålsaksjonen hausten 1899

MONS-samandrag:

Den 23. oktober 1899 gjekk Bjørnstjerne Bjørnson til åtak på målreisinga i ein tale i Kristiania. Ein dryg månad etter vart Norsk Rigsmaalsforening skipa. Desse hendingane utløyste ein kvass og langvarig strid i aviser og folkemøte som nådde ut over det meste av landet. Framstillingane av denne skilsetjande hendinga har i ettertid hovudsakleg fokusert på dei to frontfigurane, Bjørnstjerne Bjørnson og Arne Garborg. Men kva var grunnen til at ein tale i Gamle Logen kunne utløysa ei så sterk mobiliseringbølgje på både sider i språkstriden? Innlegget vil freista gje svar på dette og dessutan gå inn på om hendinga var eit vendepunkt i norsk språkstrid eller heller må tolkast som ei stadfesting av tendensar ein hadde sett ei stund.

1. Innleiing

Den 23. oktober 1899 heldt Bjørnstjerne Bjørnson det som må vera den mest legendariske talen i norsk språkhistorie for ein fullsett og jublante storsal Logen i Kristiania. Dette vart startskotet for ein omfattande offensiv mot landsmålet, og to månader seinare vart *Norsk rigsmaalsforening* skipa. Det vart byrjinga på det organiserte riksmålsstrevet, som riksmålsrørsla i 1999 feira med stort jubileum og jubileumsbok av Lars Roar Langslet. Om ein les minnestykke, institusjonshistorier og jubileumsskrift frå nynorskheld, blir riksmålsaksjonen 1899 sameleis drege fram som *den avgjerande hendinga som sette fart i organiseringa av målrørsla og vekte mange til arbeid for landmålet*. Slik har hendinga fått ein mytologisk status som vendepunkt på både sider i målstriden der Bjørnsons rolle har vorte kraftig framheva, både ved at han sette det heile i gang og skal ha lansert både nemninga 'rigsmaal' og ideen om ei organisering av tradisjonalistane.

Det finst ein omfattande litteratur om emnet mitt, både populær og forskingsbasert. Den måten mytologien om 1899 har vorte ein del av det kollektive minnet om målstriden har likevel pirra meg såpass at eg fan ut at eg ville dukka ned i primærkjeldematerialet på nytt med ei open haldning. Eg har knapt dukka opp derifrå att, men fokuset mitt her kjem først og fremst til å liggja på kvifor det vart ein så kvass målstrid hausten 1899, og særleg om det er faktorar *utanfor* det språkpolitiske feltet som kanskje har vore undervurderte. Men eg vil

øg sein nokre ord om det som opphavleg var problemstillinga, nemleg om 1899 verkeleg var eit vendepunkt.

3. Kvifor kom riksmålsaksjonen hausten 1899?

Fyrst det omfattande spørsmålet om kvifor det i det heile vart ein riksmålsaksjon i oktober/november 1899. Det er eit spørsmål både om utløysande og meir langsigktige faktorar.

Det var altså Bjørnsons tale 23. oktober som sette det heile i gang. Men det var ei tale som kom i stand på kort varsel til inntekt for familiene til dei fleire hundre fiskarane som nyleg hadde omkome i "ekstremveret", og inkje tyder på at tala var ein lekk i ein meir omfattande og systematisk aksjons- og organiseringsplan. Den noko spesielle bakgrunnen er ikkje uviktig. Sveinung Time har i sitt arbeid frå 1997 om målstriden 1899 vist nettopp korleis kombinasjonen av Bjørnsons enormt høge status etter opninga av Nationaltheatret 1. september og den nasjonale naudhjelpsmobiliseringa skapte eit eineståande godt utgangspunkt for riksmålsaksjonen.

Bjørnson nemnde ikkje ei organisering av riksmålsfolket med eit ord i tala – det var den radikale venstremannen redaktør Haakon Løken i *Dagsposten* som lanserte den ideen tre dagar etter Logen-tala [ny opplysning]. Bjørnson og meiningsfrendane hans i hovudstaden greip straks tanken, lanserte eit opprop til Stortinget med krav om at mållovene måtte gjerast om og skipa *Norsk rigsmaalsforening* på eit stort møte i Eldorado 28. november. Det var òg Haakon Løken som hadde lansert nemninga 'rigsmaal' i ein artikkel i *Dagsposten* 10. juli. Bjørnson brukte nemninga i tala si, og sjølv kjeldene ikkje tyder på at det var intensjonen hans, vart konsekvensen det endelege gjennombrotet for nemninga. På møtet 28. november var det Sophus Bugge som underbygde nemninga, som var eit blinkskot av dei aller største i norsk språkhistorie.¹

Tilsynelatande var det heile såleis noko tilfeldig – den eine hendinga tok den andre. Det sentrale spørsmålet blir likevel kvifor Bjørnson valde "Maalsagens Stilling i vort Kulturliv", og det var ikkje like tilfeldig.

¹ *Dagsposten*, 10.7.1899, her etter Seip 1968, s. 77, jf. Haugen 1969, s. 37; Bugge 1999 [1900], s. 406.

Den viktigaste utløysande faktoren som mange, både Bjørnson sjølv, avisene i samtid og mange seinare framstillingar dreg fram, er fyrsteførelesinga som Marius Hægstad heldt 6. oktober som nyutnemnt professor i "landsmaalet og dets dialekter". Tala hadde tvillaust sett sinnet i kok hjå Bjørnson, men det Hægstad faktisk sa var neppe i seg sjølv så provoserande, heller ikkje den "udfordringen" til "Kultursproget" han avslutta med (jf. støttearket – understrekningane). Det mest provoserande var nok dei kulturpolitiske implikasjonane av at det i det heile var oppretta eit landsmålsprofessorat og utnemnt ein målmann. Slik sett trur eg det er større grunn til å merka seg dei innleiande orda til formannen i Kollegiet, den store internasjonale kapasiteten i medisin, professor Edvard Schønberg. Han minna om "den Udvikling, Landsmaalets Stilling havde undergaaet i den almene Bevidsthed, saa det nu, etter at have erobret sin Plads i Lovgivningen, i Skolevæsenet og i Undervisningen, var indlemmet som nyt Fag i Universitetets Lærerstof."² Landsmålsprofessoratet vart såleis ein ny og symboltung stein i den offisielle grunnmuren under landsmålet og måljamstellingspolitikken, og det var nettopp posisjonen i skule og offisielt liv Bjørnson i Logen og riksmålsoppropet ein månad seinare gjekk til åtak på. Men Hægstad var sjølvsagt ei kjærkomen skyteskive og fyrsteførelesinga ein aktualiserande knagg.

Alt tyder på at Bjørnson i lengre tid hadde tenkt på å gå i felten imot landsmålet og at tilstellinga i Logen brått gav han eit glimrande høve som ein av Noregs største talarar til alle tider visste å utnytta. Ei veke før Logen-tala hadde Bjørnson vore i venstrelaget Den liberale klub i hovudstaden og bore fram mykje den same bodskapen,³ og Anders Hovden skreiv før Logen-tala at han "hev høyrt det fraa ymse kantar snart eit aar, at Bjørnson var iferd med aa lyfta labben til aa knusa os arbeidsmaurarne, som heiter maalmenn."⁴

Det meste av det Bjørnson kom ut med hausten 1899, hadde han dessutan sagt tidlegare. I mai 1887 utløyste Bjørnson eit større ordskifte i *Dagbladet* om målspørsmålet der han i all hovudsak formulerte det same målpolitiske synet som hausten 1899, men i mindre aggressive former. Alt då var programmet klårt: "Det er nemlig min agt at kalle fræm ordskifte om det i tinget; overhodet at holde på, til det blir en virkelig valgsak, *om vi i vort lille folk skal med statshjælp ale op to fællesmål*."⁵ Og frå 1899 dreiv han på, heilt til han døyde i 1910.

² *Morgenbladet*, nr. 696, 7.10.1899.1

³ *Den 17de Mai*, 17. og 19.10.1899.

⁴ *Den 17de Mai*, 23.10.1899. Avisa rota med dateringa av nummera desse dagane, og Dalhaug meiner korrekt dato for dette nummeret er 21.10.

⁵ Bjørnson og Knudsen 1887, s. 35.

Øystein Sørensen framhevar i studien sin av Bjørnson og nasjonalismen to nye viktige moment i 1899 jamfört med debatten i 1887: Det eine var *intensiteten* i engasementet til Bjørnson, det andre var *resonansen* Bjørnson møtte.⁶ Det kontrafaktiske spørsmålet blir kvifor det ikkje kom nokon større riksmålsaksjon i 1887 eller i 1896, då Bjørnson òg var i tottane på målfolket. Den opplagde forklaringa er sjølvsagt at målreisinga hadde kome lenger i 1899 enn i 1887 og 1896, og dette blir òg drege fram som den underliggjande hovudforklaringa av dei fleste som skriv om dette.

Riksmålsaksjonen var primært og eksplisitt retta mot *den offisielle posisjonen* til landsmålet, i praksis dei statshandlingane som hadde opna for bruk av landsmål i offentleg liv, kyrkje, lovverk og framfor alt i skuleverket. Dette er så veldokumentert at eg berre nemner nokre stikkord: 'jamstellingsvedtaket' 1885, 'målparagrafen' i folkeskulelova 1892, autorisasjonen av Blix-salmane same år, den fyrste lova på landsmål 1894 og eit visst innpass for landsmålet i dei høgre skulane 1896. Tre saker var dessutan aktuelle hausten 1899: eit framlegg om at den nye manntalslova skulle vedtakast på landsmål, eit framlegg om obligatorisk sidemål i lærarutdanninga som var ventande frå regjeringa, og eit framlegg i Stortinget frå tre stortingsrepresentantar året før om obligatorisk sidemål i gymnaset. Det hadde såleis hopa seg opp mangt å aksjonera mot. Kjell Haugland har då òg i avhandlinga si sett riksmålsaksjonen i direkte samanheng med seminarlova som var i kjømda.⁷

Meir allment var analysen på båe sider i språkstriden at målsaka var i medvind og stod framfor eit gjennombrot. Det var ikkje primært knytt til *bruken* av landsmål i offentlege samanhengar (skule, kyrkje, administrasjon), som i 1899 enno var heilt marginal, og heller ikkje til styrken til den *reine* organiserte målrørsla, som òg var marginal i 1899. Viktigare var då den sterke posisjonen til målsaka i lærarkrinsar og ikkje minst den frilynde ungdomsrørsla som hadde vore gjennom ein eksplosiv vekst frå 1892-93. Ved utgangen av 1898 omfatta ho over 250 lokale lag, fylkeslag over heile landet og landslaget Norigs ungdomslag (1896) som frå fyrste stund hadde målsaka som fanesak. I den frilynde ungdomsrørsla vart kulturnasjonalismen effektivt sveisa saman med den politiske nasjonalismen, og målsaka kunne ri høgt på det stadig meir tilkvesste unionsspørsmålet, særleg etter det bitre nederlaget i konsulatsaka 7. juni 1895. Garborg gjorde til dømes eit større polemisk poeng av at riksmålmøtet 28. november vart halde i Eldorado, som hysa det

⁶ Sørensen 1997, s. 181.

⁷ Haugland 1985, s. 194.

svenske teatret i Kristiania. "Der sit Kristiania-ungdomen og supar pjoletter og svensk kvar kveld."⁸

Til liks med Haugland trur eg likevel det var vel så viktig, om ein ser på dei faktorane som direkte har med målstriden å gjera, at målspørsmålet var i ferd med å bli ein kamp om opinionen. Organisert arbeid for landsmålet var i og for seg ikkje noko nytt, men det organisasjonane *gjorde*, var nytt. I 1892 kom dei regionale frilynde ungdomsstemna i gang, aukande i tal og oppslutnad for kvart år, og særleg frå 1895 vart målsaka eit stadig vanlegare innslag. Berre på dei fem første stemnesesongane 1892-96 samla ungdomsrørsla totalt meir enn 50 000 stemnedeltakrar, og talet dei neste fem åra var langt høgare. Norigs ungdomslag gjennomførte dessutan 1896-1898 to omfattande resolusjonskampanjar i ungdomslaga for å få Stortinget til å gje lover i både språk og for å få inn obligatorisk landsmålsprøve på lærarskulane.

Det viktigaste opinionsmobiliserande einskildtiltaket før 1899 var nok likevel kjempesatsinga Den norske marknaden i Kristiania i september 1898 som mållaget Maalkassa stod bak. Det var ei massemønstring fullspekka med "norsk" kulturprogram, tombola og moro, og med sal av "norske varor", særleg husflid og handverk frå bygdene. Tilstellinga vart svært populær – kring 50.000 folk skal ha vore innom tivoliområdet dei tre vekene marknaden vara. Det var slett ikkje lagt opp til nokon provoserande og agiterande målprofil på tilstellinga, men den kulturpolitiske bodskapen var likevel tydeleg, og ikkje minst låg det ein maktdemonstrasjon i at framståande folk utanfor målfolket sine rekkjer, som Ernst Sars, Fridtjof Nansen og ei rad sentrale politikarar, stilte seg bak. Jamvel kong Oscar gav 500 kr. Marknaden demonstrerte for eit breitt publikum både kor langt landsmålet hadde kome i offisiell godtaking og at målrørsla no våga seg inn på ein ny arena, sjølvaste Kristiania.

Meir vekt på opinionsmobilisering var eit allment drag i norsk politikk i åra fram mot hundreårsskiftet, drive fram av den sterke veksten i avisforbruket, det auka tempoet i nyhendeformidlinga (pga. utbyggina av telegrafen/telefonen), og ikkje minst allmenn røysterett for menn som var vedteke i 1898 og galdt frå stortingsvalet 1900. Det fekk store følgjer for det politiske språket og skapte arenaer for den demagogiske *folketalaren*, kjend både frå tallause ungdomsstemne – og frå Logen 23. oktober 1899.

⁸ Den 17de Mai, 24.11.1899.

Opinionsmobiliseringa til målrørsla i åra før må såleis ha vore ein av hovudgrunnane til at det var ein såpass stor resonans for riksmålsaksjonen 1899; den andre var truleg at motsetninga mellom by og land var i ferd med å bli ei sentral konfliktline i norsk politikk og samfunnsliv. Folketalet i Kristiania auka svært raskt i 1890-åra, frå 160 000 i 1890 til 230 000 i 1900, og grovt rekna kom 2 av 3 innflyttarar frå landsbygda.⁹ Knut Kjeldstadli skildrar kombinasjonen av tilflytting og auka norskdomsaktivitet slik: "I tiåra rundt 1900 opplevde mange kristianiensere det som en *invasjon* av norskdom. Faktisk var rørsla så sterk at den utfordret byelitekultren i en hegemonikamp, som lenge var uavklart."¹⁰ Bjørnson kjende tvillaust sitt publikum då det ikkje var landsmålet i seg sjølv han primært gjekk til å tak på i Logen-tala, men bønder og bondekultur i heile sin fjøsluktande, udanna og saktmelige skapnad. Etter å ha snakka ein del om landsmålet og mellom anna stempla det som ein romantisk reaksjon og Aasen som "tusset almueagtigt", fekk Bjørnson sin fyrste applaus i Logen etter å ha sagt at "Bondens sene, nølende ubestemte Maade at udtrykke sig paa kan være ejendommelig og have sin Interesse; men vi vil have det raskere, klarere – vi har ikke tid til slikt Sludder." Punch-lina i føredraget var at "Kristiania kommer aldri til å si sleikje for slikke," og Logen-taket løfte seg.

Mange av dei leiande målfolka hadde på si side liten sans for byar, byliv, bykultur og bymål allment og Kristiania særskilt. "Byungdomen er mergstolen" og bondeungdomen "skal hjelpe den veike byungdomen upp or gyrmja", skreiv Klaus Sletten for å legitimera skipinga av Bondeungdomslaget midt i oktober 1899.¹¹ Skepsisen til bykulturen vart ikkje mindre med riksmålsaksjonen.

Urban skepsis til bønder og bygdekultur var i og for seg ikkje noko nytt, men den sterke *politiseringa* av motsetnaden var det. Etter referatet fekk venstreholvdingen Bjørnson desidert mest applaus "(Langvarigt, stormende Bifald!)" etter å ha sagt at sagt at han om naudsynt går "med Høyre i denne Sag!" Då nærmar me oss kanskje den viktigaste forklaringa på tidspunktet for Bjørnsons offensiv mot landsmålet. Det meste av Høgre var alt på den landsmålskritiske sida i politikken, så nøkkelen for å vinna fram var å få med seg store nok delar av byvenstre for å pressa partiet til å gje opp rolla som "den politiske skytshelgenen til målrørsla", som Haugland råkande skriv.¹² Han slår vidare fast: "Tidspunktet for aksjonen var valt med tanke på stortingsvala året etter." Formuleringa får aksjonen til å høyrast meir

⁹ Kjeldstadli og Myhre 1995, s. 122; Kjeldstadli 1990, s. 97.

¹⁰ Kjeldstadli og Myhre 1995, s. 147.

¹¹ Den 17de Mai, 12.10.1899.

¹² Haugland 1985, s. 197.

førebuud og planlagd ut enn han må ha vore, men at stortingsvalet og ikkje minst programprosessen i Venstre var avgjerande for at Bjørnson valde å gå ut då han gjorde og for mykje av den støtta riksmålsaksjonen fekk, trur eg ikkje det kan vera mykje tvil om. Ei veke før Bjørnson si tale, den 16. oktober, hadde landsmøtet i Venstre sett i gang programprosessen som skulle gå fram til det neste landsmøtet tidleg i februar 1900 der programmet for stortingsvalet i september 1900 skulle vedtakast.

Og eg trur ein nøkkel til å skjøna noko av den politiske støtta som riksmålsaksjonen fekk hausten 1899, ikkje berre låg i at ein del riksmålvener såg ei moglegheit til å påverka delar av Venstre, men at krefter i og utanfor Venstre òg såg riksmålssaka som ei god sak for å få driva fram ei omgruppering av det norske partilandskapet. Mange var redde for at utvidinga av røysteretten framfor stortingsvalet 1900 ville gjera det mogleg for den veksande arbeidarrørsla å entra den politiske arenaen, noko som òg skjedde då Arbeidarpartiet fekk inn sine første representantar i 1903. Ynsket om ei borgarleg samling for å demma opp mot arbeidarrørsla og om ei nasjonal samling i unionspolitikken for å demma opp mot unionsradikalarane, var sentrale motiv i arbeidet som no auka på for å endra partilandskapet. Som Alf Kaartvedt har vist, var i åra 1899-1901 dei gamle venstrekoryfeane Hagbard Berner og Ernst Sars saman med sentrumsorienterte Høgre-folk med på ein stille freistnad om å skipa "et nyt nationalt parti". Riksmålsoffensiven fungerte nettopp effektivt til å mobilsera Venstre- og Høgre-folk i dei største byane for ei sams sak med brei appell, og hovudorganet til byvenstre, *Verdens Gang* med redaktør Olaf Thommessen, gjorde seg òg til sentralt kampanjeorgan og hovudorgan for Bjørnson i riksmålsaksjonen. Rasmus Steinsvik sa i *Den 17de Mai* klårt ifrå om kva han meinte var motiva: "Heilt fraa vaaren 1895 hev V. G. bala med ein einaste ting; aa kløyva elder sprengja vaar vinstryfylking. Sprengja det gamle bondevinstre ut. So ein kunde faa laga eit nytt vinstre, eit by- eller 'kultur'-vinstre. Det vil segja eit Kristiania-vinstre. ... Daa vart alt stort og fint og amerikansk her."¹³

Det var nettopp òg desse samlingsplanane som vart realiserte, ikkje framfor valet i 1900, men i 1903, med Christian Michelsen som initiativtakar og nyetablerte *Morgenposten* som bergensorgan, og med *Verdens Gang* i hovudstaden og *Dagposten* i Trondheim som koordinerte medspelarar.¹⁴ Resten av Venstre gjekk til venstre, og det nye liberal-

¹³ *Den 17de Mai*, 23.11.1899.

¹⁴ Eigaranne hadde kvitta seg med Haakon Løken i 1902 og sett inn ein liberal-konservativ redaktør (Kaartvedt 1984, s. 186).

konservative Samlingspartiet der Høgre inngjekk, vann 1903-valet. Lina går vidare herifrå til skipinga av Frisinnede Venstre i 1909.

Sluttord

Verknadene av riksmålsaksjonen og målstriden 1899-1900 må få liggja her. Eg skal nøya meg med kortversjonen og gje *Aftenposten* rett i spådomen frå tidleg i desember 1899 om at (sitert etter *Den 17de Mai*) "det som no er gjort for aa frelsa 'riksmaalet', det kan koma til aa gagna maalstrævet meir en mangt anna."¹⁵ Riksmålsrørsla nådde ikkje fram med krava medan målfolket fekk meir fart på seg enn nokon gong tidlegare. Slik sett er 1899 kanskje eit viktigare vendepunkt for målrørsla enn riksmålsrørsla, som heller har gode grunnar for å framheva den mindre kjende riksmålsaksjonen i 1908-09 som det store vendepunktet.

Det viktigaste med målstriden 1899-1900 var kanskje likevel at han sette ein effektiv stoppar for målrørsla sine ambisjonar om å vinna fram i byane. Og her kjem det ei kraftig nyansering av Klaus Sletten-sitatet. I leiande målkrinsar hadde ein byrja å oppdaga at Noreg demografisk såg heilt annleis ut enn på Aasen si tid, den vitskaplege interessa for og rehabiliteringa av bymåla var i full gang, og måleliten prøvde systematisk å byggja politiske alliansar med og jamvel organisatoriske band til oppnorskingsfolka.

Riksmålsaksjonen slo tilbake dette og etablerte sentrum mot periferi som den viktigaste konfliktlinia i målstriden, som i 1913 kulminerte med slaget under opninga av Det norske teatret. Skal ein oppsummera det nye med norsk språkpolitikk i åra etter 1899, kan det difor vera freistande å vri på eit gammalt Ap-slagord frå 1930-åra: By og land, mann mot mann.

Litteratur

- Bjørnson, Bjørnstjerne og Knud Knudsen. (1887). *Til dem, som forkynner eller lærer i det norske mål*. Kristiania.
- Bugge, Sophus. (1999 [1900]). Tale ved riksmålmøtet 28. november 1899. I: Lars Roar Langslet (red.), *I kamp for norsk kultur. Riksmålsbevegelsens historie gjennom 100 år* (s. 405-408). Oslo: Riksmålsforbundet.
- Haugen, Einar. (1969). *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugland, Kjell. (1985). *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Oslo: Samlaget.
- Kjeldstadli, Knut. (1990). *Den delte byen. Fra 1900 til 1948. Oslo bys historie* (Bd. 4). Oslo: Cappelen.

¹⁵ Her etter *Den 17de Mai*, 5.12.1899.

- Kjeldstadli, Knut og Jan Eivind Myhre. (1995). *Oslo - spenningenes by. Oslohistorie*. Oslo: Pax.
- Kaartvedt, Alf. (1984). *Høyres historie 1. Drømmen om borgerlig samling. 1884-1918*. Oslo: Cappelen.
- Seip, Didrik Arup. (1968). Om ordet riksmål. I: *Norsk og nabospråkene i slutten av middelalderen og senere tid* (2. oppl., s. 75-78). Oslo: Aschehoug.
- Sørensen, Øystein. (1997). *Bjørnstjerne Bjørnson og nasjonalismen*. Oslo: Cappelen.

Neste side: støttearket

Oddmund L. Hoel, stipendiat ved Ivar Aasen-institutte, Høgskulen i Volda

Bakgrunnen for riksmålsaksjonen hausten 1899

Innlegg på MONS 11, 26.11.2005

Viktige hendingar

1885	'Jamstellingsvedtaket' i Stortinget
1892	'Målparagrafen' i folkeskulelova; Blix-salmane autoriserte til kyrkjebruk
1894	<i>Den 17de Mai og Syn og segn</i> kjem i gang
1894	Fyrste lov på landsmål (om sams normaltid for kongeriket Noreg)
1896	Elevar i den høgre skulen får høve til å skriva landsmål til eksamen; alle må ha noko opplæring i landsmål; framlegg om obl. sidemål fall
1896, juli	Noris ungdomslag blir skipa - 175 lag og 15 500 medl. innan utgangen av året
1897, mars	NU-aksjon - bed om at lover blir gjevne både på landsmål og dansknorsk (131 ungdomslag)
1898, sept	Den norske marknaden i Kristiania, skipa til av Maalkassa (1895)
1898	Allmenn røysterett for menn vedteken
1898	Tre stortingsrepresentantar reiser framlegg om obl. sidemål i gymnasiet
1898, nov	NU-aksjon - bed om obligatorisk sidemål i lærarutdanninga (63 ungdomslag)
1890-98	Kring 180 av 6000 skulkekrinsar går over til landsmål
1899, 7/1	Austmannalaget skipa - endå fem fylkesmållag til skipa fram til oktober
1899, 17/5	Heile gudstenester på landsmål (Lårdal, Seljord, Vinje)
1899, 1/9	Nationaltheatret opnar - <i>Den 17de Mai</i> einaste hovudstadsavis som ikkje er beden
1899, 6/10	Marius Hægstad fyrsteførelesing
1899, 13/10	Storm på norskekysten med kring 300 omkomne
1899, 15/10	Bondeungdomslaget (i Oslo) skipa - Klaus Sletten fyrste formann
1899, 16/10	Landsmøte i Venstre - framlegg til program vedteke
1899, 23/10	Bjørnson talar om "Maalsagens stilling i vort kulturliv", Logen i Kristiania - kvass strid i avisene - Bjørnson held føredrag på Elverum og i Lærdal, Bergen og Trondheim innan utgangen av året
1899, 25/11	Opprop i avisene frå 100 kjende menn og kvinner med krav om at mållovene blir gjorde om
1899, 28/11	Riksmålmøte i Eldorado, Kristiania, dei 1400 frammøtte skipar Norsk rigsmaalsforening - arbeidskomiteen konstituert 13/12 - Hjalmar Falk formann
1899, 12/12	Stortinget vedtok manntalslova på riksmål
1900	Målstriden held fram gjennom det meste av året
1900, 10/1	Norskt maalkontor kjem i gang med Klaus Sletten som styrar
1900, 4-5/2	Landsmøte i Venstre - program vedteke
1900, 8/8	Målsmøte med 2000 frammøtte i samband med at NU held landsstemna og årsmøte i Oslo
1900, sept	Stortingsval

- (1) Det er noget, som kan kaldes *Rigsmaal*, som hverken er tysk Taterstil eller mosegrodd vestlandsk, det er det naturlige Maal som baade By og Land bruker i sin Tale.
(Redaktør Haakon Løken i *Dagsposten*, 10.7.1899)
- (2) Den Lov, som danner Grundlaget for Norges Ret som selvstændigt Rige, er skreven paa det almengyldige norske Skriftsprog. Derfor kalder vi dette med fuld Ret det norske *Rigsmaal*.
(Bugge 1900)
- (3) Men fyrr eg endar er det min skyldnad aa segja nokre ord, som vedkjem nærmare mitt arbeid som lærar ved universitetet. Meiningi med dette lærarembættet er ikkje berre aa spreida ut upplysing um maalføri vaare, men først og fremst er det meiningi, at lærarstanden og embættsstanden skal læra aa kjenna og bruka landsmaale eller den mynsterform for det norske folkemaal som vaar store avlidne landsmann maalgranskaren Ivar Aasen først hev uppsett, og som hev vortet so vel umtykt hjaa vaart folk at ho er innførd i alle skular og hev fenget sess jamsides med det aalmenne "bogmaal" i det offentlege liv. Den harde strid som hev voret millom dei two maalformer i landet, burde hermed tagna. Me burde alle minnast at den ætt som no er uppe, er utan skuld i det mishøve som er hjaa oss i maalvegen, og at me alle lider for det som vart gjort - eller rettare sagt ikkje vart gjort - i gamle dagar. Me vil tru at alle nordmenner ingen ting holder ynskjer enn eit *norsk maal* i

Norig, og dette formaal vil me lettast naa, naar alle arbeider for den beste norsk dei kann og veit – trufast og paa grunnlag av greid upplysning.

(Hægstad 1899, s. 271, mi uth.)

- (4) ...hvorpaa Kollegiets Formand, Professor *Schønberg*, besteg Kathederet og i faa Ord mindede om den Udvikling, Landsmaalets Stilling havde undergaet i den almene Bevidsthed, saa det nu, efter at have erobret sin Plads i Lovgivningen, i Skolevæsenet og i Undervisningen, var indlemmet som nyt Fag i Universitetets Lærestof.

(*Morgenbladet*, nr. 696, 7.10.1899)

- (5) Dette har jeg samlet i bokform, forat det kan være let tilgængeligt. Det er nemlig min agt at kalle fræm ordskefle om det i tinget; overhodet at holde på, til det blir en virkelig valgsak, *om vi i vort lille folk skal med statshjælp ale op to fællesmål.*

(Bjørnson i (Bjørnson og Knudsen 1887, , s. 35))

- (6) Har nogen hørt Magen til, at Folk skal blive dannede Mennesker uden at træde op i det Sprog, som er Dannelsens? Alle maa did for at faa sit Begreb udvidet og dannet, saa det kan arbejde let. Hvad er Kultur andet end Gangen fra det koldere til det varmere, fra det langsommere til det raskere, fra det tungvindtere til det lettere? Bondens sene, nølende ubestemte Maade at udtrykke sig paa kan være ejendommelig og have sin Interesse; men vi vil have det raskere, klarere – vi har ikke tid til slikt Sludder. (Bifald.)

(Bjørnson i Gamle Logen 23.10.1899 etter referatet i VG, her etter *Mål og makt*, 3/1999, s. 45)

- (7) Storbyarne er som ei endelaus myr. ... berre det lette og leikande bryr folk seg um paa jamnaden. Kveikar og varietéar, der ein syner fram gjønestykke som dreg mannahugen ned og el fram skamløyse, fær fullt hus stendigt. Dit gjeng folkestraumen og pengestraumen. ... Byungdomen er mergstolen. Det følslege kraftspillet hev skapt ein veik ungdom som lite evlar og minder vil. ... Og i si naud vender dei seg til bondeungdomen. Han skal hjelpa den veike byungdomen upp or gyrra.

(Klaus Sletten i *Den 17de Mai*, 12.10.1899)

- (8) Heilt fraa vaaren 1895 hev V. G. bala med ein einaste ting; aa kløyva elder sprengja vaar vinstrelykking. Sprengja det gamle bondevinstre ut. So ein kunde faa laga eit nytt vinstre, eit by- eller 'kultur'-vinstre. Det vil segja eit Kristiania-vinstre. ... Daa vart alt stort og fint og amerikansk her.

(Rasmus Steinsvik i *Den 17de Mai*, 23.11.1899)

(9) **Norsk rigsmaalsforenings smaaskrifter 1900-1907**

1. Bonnevie, Jacob Aall. (1900). *Foredrag om Maallovene ved Rigsmaalsmødet 28. November 1899.*
2. Bugge, Sophus. (1900). *Tale ved rigsmaalsmødet 28. November 1899.*
3. Falk, Hjalmar. (1900). *Landsmaal eller rigsmaal.*
4. Bjørnson, Bjørnstjerne. (1900). *En Tale af Bjørnstjerne Bjørnson om Maalsagen.*
5. Fasting, Georg. (1900). *Sproget og seminarerne.*
6. Nielsen, Ragna og Otto Anderssen. (1900). *Landsmaalet og Den høiere skole.*
7. Alnæs, Ivar. (1902). *Brev- og formularbog.*
8. Storm, Johan. (1903). *Landsmaalet som Kultursprog.*
9. Falk, Hjalmar og Sophus Bugge. (1904). *Landsmaal eller Rigsmaal? Tale ved Rigsmaalsmødet 28. November 1899.*
10. Skavlan, Sigvald. (1904). *Om salmebog-tillægget Nokre salmar ved E. Blix.*
11. Bjørnson, Bjørnstjerne, J. Mørland og L. Dietrichson. (1907). *Taler.*

- (10) **Agitasjonsskrifter spreidde gjennom Norskt Maalkontor i 1900**
- Vislie, Vetle. (1899). *Norsk maalreising*. Elverum: Austmannalaget.
- Bruun, Christopher. (1900). *Den norske maalreisning*. Særtryk efter "For kirke og kultur". Oslo: Maalkassa. [19 500 eks.]
- Garborg, Arne. (1900). *Vor nationale situation*. Oslo: Oslo prenteverk.
- Hognestad, Peter. (1900). *Den norske bonde og kulturen. Skrive hausten 1899 etter Bjørnsons fydredrag um maalsaki*. Grimstad: Egde- og Telelage.
- Koht, Halvdan. (1900). *Det vitskaplege grunnlage for maalstræve. Tale paa landsmaalsmøte i Oslo 8de august 1900*. Oslo: Oslo prenteverk. [6000 eks.]
- Seland, Hans. (1900). *Norskt maal. Kvi "strævar" me?* Flekkefjord.

Litteratur

- Bjørnson, Bjørnstjerne og Knud Knudsen. (1887). *Til dem, som forkynner eller lærer i det norske mål*. Kristiania.
- Bjørnson, Bjørnstjerne. (1999 [1899]). Bjørnson aabner sit Felttog mod Maaltvang. Foredrag i Logens store Sal 23. Oktober 1899. *Mål og makt*, (nr. 3), s. 44-47.
- Garborg, Arne. (1897). *Vor Sprøgudvikling. En redegjørelse*. Oslo: Maalkassa.
- Haugen, Einar. (1969). *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugland, Kjell. (1985). *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Oslo: Samlaget.
- Hægstad, Marius. (1899). Upphavet til det norske folkemaal. *Syn og segn*, s. 257-271.
- Kjeldstadli, Knut og Jan Eivind Myhre. (1995). *Oslo - spenningenes by. Oslohistorie*. Oslo: Pax.
- Koht, Halvdan. (1948). Den norske marknaden. Eit femtiårs minne. *Syn og segn*, s. 337-344.
- Kaartvedt, Alf. (1984). *Høyres historie 1. Drømmen om borgerlig samling. 1884-1918*. Oslo: Cappelen.
- Langslet, Lars Roar. (1999). *I kamp for norsk kultur. Riksmålsbevegelsens historie gjennom 100 år*. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Lundeby, Einar. (2002). *Bymåslaget og Maal og minne. Et 100-års jubileum*. Bymåslagets skrifter. Oslo: Bymåslaget.
- Meyen, Fritz. (1932). *'Riksmålsforbundet' und sein Kampf gegen das Landsmål. Ein Abschnitt aus Norwegens innerer Geschichte*. Oslo: I Kommission hos Riksmaalsforbundet.
- Nygaard, Rolf R. (1945). *Fra dansk-norsk til norsk riksmål. Rettskrivningsstrevet i bokmålet inntil 1907*. Oslo: Tanum.
- Seip, Didrik Arup. (1968). Om ordet riksmål. I: *Norsk og nabospråkene i slutten av middelalderen og senere tid* (2. oppl., s. 75-78). Oslo: Aschehoug.
- Spring, Ulrike. (2001). Identitetens ambivalens. Bondeungdomslaget i Oslo som eksempel. *Nordlit*, (nr 10), s. 95-108.
- Spring, Ulrike. (2001). Imagining the Irish and Norwegian peasantry around 1900. Between representation and re-presentation. *Historisk tidsskrift*, (nr 1), s. 75-99.
- Stenseth, Bodil. (1993). *En norsk elite. Nasjonsbyggerne på Lysaker. 1890-1940*. Oslo: Aschehoug.
- Stenseth, Bodil. (2005). Den store språkkriegen i Kristiania. *Byminner / Oslo bymuseum*, (Nr 1/2), s. 60-69.
- Sørensen, Øystein. (1997). *Bjørnstjerne Bjørnson og nasjonalismen*. Oslo: Cappelen.
- Time, Sveinung. (1997). Språk - tekst - identitet. I: *Om kulturell identitet. Ei essaysamling* (s. 224 s.). Landås: Høgskolen i Bergen - Avdeling for lærarutdanning.
- Time, Sveinung. (1998). Nasjon og narrasjon. Om Garborg som aktør i fortellinga om 'det norske'. I: Øystein Sørensen (red.), *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet* (s. 339-356). Oslo: AdNotam.
- Venås, Kjell. (1992). *I Aasens fotefar. Marius Hægstad*. Oslo: Novus.